Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Fylke: V. Agder

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kvinesdal

Emne: Helsing, fakter, åtferd.

Bygdelag:

Oppskr. av: Anna Arli Larsen

Gard:

(adresse): Kvinesdal

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Folk uttrykkjer ja og nei både med hovud og handrörsler.

2. För helste ein på alle som kom til gards, no helsar ein berre på dei ein kjenner.

3 Det var ingen regel for kven som skulle helsa först

4 Menn og kvinner helsa etter den tid det var på dögnet. Dei fleste born hadde ikkje lært å helsa for 50 år sidan.

5 Ein tok av huva når ein helste på presten. Tok ein av huva når ein helste på lensmannen, trudde folk at ein var skuldig for skatten og då fekk ein ikkje røyster til heradstyret. Ein handhelste på slektningar eller grannar når ein møtest ved kyrkja. Storbönder eller bruksegarar var her ikkje, alle var like.

6 Det hydde at dei stod ved grava til ein av sine kjære.

7 Ein tok ikkje omsyn til kleda.

8 Ved bryllup, barnedöp og likferd handhelste ein på alle - dei minste borna

7765

og, like eins når ein for på vitjing
9. Det var lite brukt.
10. Dei som var på åkeren arbeidde sitt same om dei høyrde klokkeringinga frå kyrkja.
11 Det var mange som synte vyrdnad og samkjensle ved å ta av seg hatten når dei møtte gravfylgje.

12 Det nemnast ingen idag.
13 For omlag 30 år sidan hadde ein helsing som høyrde til dei ymse tider på døgeret, frå kl 6 til ein at dugurd helsa ein ~~godag~~ gomoren, frå kl 11 og til mørket kom helsa ein godag og om kvelden eller natta sa ein gonatt eller gokveld.

14 No er det vanleg å helse godmoren heile dagen
15. Har ikkje høyrt det.
16. Nei, godmoren blir bruka døgeret rundt.
17. Har ikkje høyrt det her i bygda, men ved visse høve sa dei velbekomme.
18 Det sa ein t.d. når ein kom inn under matmålet
19 Gjesten tek ikkje opp att helsinga.

20 Ein bad husfaren med ut: „Kan eg få tala ma dag inne fire aue?"

21 Ein bankar alltid på dora nar ein skal inn til framande eller skyldfolk, men det blei lite bruka for t.d. 40 år sidan.
22 Husfaren sa: Kom inn!" Var det da ein

7765

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

„akte mann" t. d. letpreikar så handhelste han på alle som inne var.

23 Kom ein utan ærend, skulle ein bli ståande ved dóra til dei bad ein om å setja seg.

24 Han tok hatten av straks han kom innafor dóra

25 Ein sa: „Sell dag så ska me svinga kjelen".

26 Ja

27 Ein sa: Kor æ du kæm ifrå?

28 Folk her i bygda har frå gamalt vore gjestfrie, så dei tok like godt mot framande som kjenningar.

29 Innbedne gjester blei helsa velkomne og bedne inn i røykstova.

30 „Takk for mag" „Takk elegemøde", „Kom snart atte!"

31 Ved avskil for lang tid helse ein: „De må leva så godt". Du da same å go reis". For siste gong: „Takk for denne gongen og for alle gonger."

32 Det var ikkje vanleg mellom vaksne

33 Foreldre og små born kyste kvarandre eller dei som var nykulova.

34 Ikkje kjent

35 — " —

36 — " —

37 — " —

38 Ein bad ikkje framande å kysse borna sine.

39 Byte nase

40 Begge foreldra gjorde det.

7765

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

41 Vaksne kneip barnet i öyra og sa:
„Ko heide prestens bjöllekyr?"
42 Ikkje kjent
43 — " —
44 Hadde ein gjort ein ~~god~~ handel, så
sa ein: Tillukke med garden, Tillukke
med hästen eller kua o.s.b.
45 God jul, god påske, eller pinse
Til lukke med dagen t.d. 17. mai
Gratulerer med småen, gratulerer
ved trulovinga eller bryllup.

46 Ein kjende ikkje ordet kondulera. Eg har
höyrt uttrykk ved dodsfall som. Nå sleppe
han å frosa meir. Eller ved motgang:
Da æ nok godt for ekkö"
48 Ein takka böde i huset og ved
grava, og var ein sikre på at den döde
hadde det godt så uttala ein ynskje
om å mötast med han att, men
det kom og ynskje om å Mötast
att „kor han så æ"

49 Vanvyrdnad kunne ein uttrykkje ved
munnspel eller ei handrörsle.

50 Ein sein du til dei ein er dus med, De
til framande, I og Jer vert endå bruka
av gamle folk når dei talar til gamle.

51 Nei, ein sa han far om presten for
100 år sidan. Ho Valborg i Fora död 1630

7765

7765